


Holsen skule

«Eg er stolt av læringsmiljø og positive og dyktige tilsette» - Rektor Per Inge Seime



Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	46	30	0	-46
Kapasitet	60			
Kapasitetsutnytting i prosent	76,7	50%	0%	
Ledig kapasitet	14			
Gjennomsnittleg klassestorleik	11,5			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	8,2			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	10,8			
Barn i SFO	15 av 22 som utgjer 68%			

Vedlegg 8 Bemanning

Lærarårsverk	6
Leiingsressurs årsverk	0,75
Snittalder	41
Kompetansebehov - kva manglar vi?	

Økonomi

Rekneskap 2022	kr 5 932 866
Budsjett 2023	kr 7 469 008
Rekneskap 2023	kr 7 295 209
Budsjett 23 utan SFO	kr 6 558 645
Rekneskap 23 utan SFO	kr 6 573 475
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr 142 902



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehage	Holsen skule og barnehage har 21 barn i barnehagen i dag. Det er barn frå Viksdalen skulekrins i barnehagen, noko som er naturleg med tanke på at barnehagen er på vegen mellom Viksdalen og Førde. På same vis kan barn som soknar til Holsen skule gå i barnehagar i sentrum, då det gir enklare logistikk for foreldre som jobbar i sentrum.
Tilknyting til andre tenestetilbod	Det er ingen andre tenestetilbod på Holsen.
Bustad og næring	Nokre få tomter ledig på Vettreiene. Ingen areal er sett av til næringsføremål.

Bygningsmasse

Byggjeår	1987
Areal	917
Teknisk stand /oppgraderingbehov	Det er nytt tak på eldste bygget, samt renovert kjøkken/himling/varmestyring i barnehage-del. Generell god bygningsteknisk tilstand. Men har eit underdimensjonert varmeanlegg med tanke på vinterhalvåret.

Andre forhold

Avstand Førde sentrum	21 km
Avstand til Viksdalen skule	18,4 km
Avstand til Sunde skule	14,6 km
Forhold ved skulevegen	34 av 46 elevar nyttar skuleskyss.
Særeigne forhold ved skulen	Skulen har tatt i mot elevane frå Frøysland skule som vart nedlagt i 2023.





Vedlegg 8 Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Lærarane ved skulen er godt kvalifiserte og i faste stillingar med lærarutdanning.
- Spesialpedagogikk og praktisk estetiske fag er godt dekka med fagutdanna lærarar.
- Viljen til vidareutdanning blant personalet er sterkt.
- Skulen er godt utstyrt med lærermiddel.
- Foreldregruppa verdset det gode samarbeidet mellom heim og skule.

Forbetningsområder

- Det er behov for kontinuerleg fagleg påfyll for å møte framtidige utfordringar.
- Kontaktlærarar bør ha to basisfag
- Lærarar vurderer studie i norsk og engelsk.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Skulen har gode relasjonar internt og fokus på at kvar elev skal føle seg sett.
- Mindre klasser gjer tilpassa undervisning og god aldersblanding mogleg.
- Elevmassen er stabil med lite til- og fråflytting, samt lite utskifting av personale.
- Firedelt skulestruktur tilpassar gruppene etter elevtal og sikrar høveleg storleik.
- Det er gode erfaringar med oppfølging av elevar med særleg behov.

Forbetningsområder

- Foreldregruppa ønsker forbetring i organiseringa relatert til barnehagelokale for å frigjere skulekjøkkenet til undervisning i mat og helse.
- Ønskje om hyppigare besøk og meir stabilt samarbeid med støttetenester som PPT og helsejukepleiar.

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen fungerer som eit samlingspunkt og fremjar attraktivitet for tilflytting.
- Skulen brukar lokalsamfunnet aktivt gjennom utflukter og lokale prosjekt.
- Det er meir attraktivt å flytte tilbake til grenda når skulen er i drift.

Forbetningsområder

- Skulen kan utforske bruk av lokale grendelag sine sosiale media for ytterlegare samspel med lokalsamfunnet.

Andre innspel

- Skulen er en viktig del av identitetsbygginga og tilhøyret i lokalsamfunnet.
- Strukturendringar kan ha negative påverknader på lokalsamfunnet og bør vurderast nøye med tanke på konsekvensar for busetnad og bu-miljø.
- Legg til rette for busetjing ved å legge ut tomter for å tiltrekke nye innbyggjarar.



Vedlegg 8 Prosjektgruppa si oppsummering

No-situasjonen

Holsen skule står fram med eit stabilt læringsmiljø med kvalifiserte lærarar og eit godt samarbeid mellom heim og skule.

Det er lagt til rette for vidareutdanning der skulen har mangla kompetanse, og skulen har gode fasilitetar. På Holsen er det fokus på at kvar elev blir sett, med tilpassa undervisning og stabil elevmasse.

Skulen opererer med ein firedelt struktur og gode erfaringar med oppfølging av elevar med særlege behov, sjølv om det er ynskje om betre oppfølging frå støttetenester utanfor skulen.

Skulen er ein viktig del av lokalsamfunnet og bidreg til attraktivitet for tilflytting, med aktiv bruk av lokalsamfunnet i undervisninga.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- For å møte framtidige utfordringar trengs kontinuerleg fagleg påfyll. Kvalifisert personale er essensielt, og det må vurderast korleis ein kan oppretthalde og vidareutvikle kompetansen blant dei tilsette.
- Med færre elevar kan det vere krevjande å få til samarbeidslæring mellom elevane då det ikkje er så mange som er på same nivå.
- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Holsen skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

Organisering

- Skulen er i dag firedelt, og dei tilsette justerer gruppene slik at det blir høveleg storleik. I møte med redusert elevtal vil det bli behov for å dele i færre grupper, og ein misser moglegheita til å dele inn i høveleg store grupper.

Lokalsamfunn (Struktur)

- Lokalsamfunnet sin bruk av skulen som eit samlingspunkt og identitetsbyggjande faktor må vurderast nøye før eventuelle strukturendringar. Det er også eit behov for å legge til rette for busetting i lokalsamfunnet for å tiltrekke nye innbyggjarar og styrke skulen si framtidige rolle.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på (Lenke til websak-postlista)